HAGGADAH SHEL PESACH

- Påskeforteljinga

1. INTRODUKSJON

Leiar: Velkommen til påskemåltid – til eit av dei eldste og mest kjende bordfellesskapa i verda. Velkommen til ei fellesskapsoppleving der vi får gripe dei lange linjene i frelseshistoria.

Jesus og disiplane var skjærtorsdag samla til påskemåltid i Jerusalem. Dei feira måltidet etter ein orden som det jødiske folket gjennom generasjonar før dei hadde følgt. I denne fridomsfesten var det Jesus tok brødet og vinen og innstifta nattverden. Han gav påskefeiringa eit nytt innhald. Ved sin død og si oppstode etablerte han eit nytt paktsfellesskap – eit fellesskap der også vi er blitt innlemma.

Vi er samla for å feire eit kristent påskemåltid i bibelsk/jødisk tradisjon. Vi skal minne kvarandre om frelsesverket. Gjennom ord og handling, og gjennom smak, lukt, høyrsle og syn skal vi fortelje historia om frelsa.

Eg skal leie måltidet. Replikkane mine er merka "Leiar:" - A. B. og C. står for tekstlesarane. Der det står "Alle:" og "Song:" deltar alle saman.
Vi skal byrje med å syngje "ein song ved festreisene" (Salme 120-134).

Song: Jeg løfter mine øyne opp til fjellene (Salme 121)

2. FØRSTE BEGER – LIVET SITT BEGER – BLIR FYLT (Litt meir enn ein god munnfull)

3. TEKSTLESING A. Salme 114,1-4. B. Salme 114,5-8.

4. KIDDUSH - HELGING
Leiar: Denne påsken skal vi minnast at Gud har fria oss frå synda, døden og den vonde si makt ved Jesu Messias' død og oppstode, slik Han òg frelste og fria Israelsfolket frå slavekår i Egypt. Den gongen slakta folket sine påskelam. Dei strauk blodet på dørkarmane, og Gud spara husa deira og leidde dei ut av trældomen.

Jesus Messias er det evige påskelammet vårt, ofra ein gong for alle. Vi er trygge mot Guds straffande vreide og den vonde sine hærar når vi er teikna med blodet hans. Han førte oss frå døden til livet, frå trældom til å tene han i fridom. Og vi ser fram til at han kjem att og løyser folket sitt og fører oss inn i sitt evige rike. Lat oss alle be…

Alle: Velsigna vere du, Herre vår Gud, konge over universet, du som har gjeve oss denne dagen då vi feirar høgtida for dei usyra brøda, ein fridomsfest, ei heilag samling, til minne om utfriinga frå Egypt og til minne om at Jesus Messias døydde for oss. Blodet hans blei aust ut for vår skuld. – Velsigna vere du, Herre vår Gud, konge over universet, du som ved den krossfeste og oppstadne Jesus Messias har gjeve oss livet, du som held oss oppe og gjev oss evig liv i han.

5. FØRSTE BEGER – LIVET SITT BEGER – BLIR DRUKKE

Alle: Velsigna vere du, Herre vår Gud, konge over universet, du som skaper vintreet si frukt!
Leiar: Dette er livet sitt beger. Difor seier vi:
Alle: For livet! (L'Chaim!)

6. KARPAS – PERSILLE (Karpos = frukt/grøde)

C: 1 Kor 10,1-4.

Alle: (Tar ein persillekvast, og seier)
Velsigna vere du, Herre vår Gud, konge over universet, du som skaper grøde på jorda!

Alle duppar persillekvasten i saltvatn og et han.

Leiar: Vi duppar persille i salt vatn og minnest Israels tårar i Egypt og Jesu Kristi liding. Slik Israel gjekk gjennom Sivhavet, gjekk Jesus gjennom trengsler og dødsriket sitt djup til oppstoda sitt land. Gjennom vatnet i dåpen fører han oss saman med seg fram til livet i det gode landet.

7. AFIKOMANEN BLIR LAGT BORT

Leiar: (tek den mellomste matza og seier)
Dette er trengslene sitt brød som fedrane våre åt i Egypt og som Jesus åt den siste kvelden før han leid. Lat einkvar som hungrar, kome og ete. Lat einkvar som er i naud, kome og ta del i denne påskefesten. Dette året er vi her. Neste år i den komande verda, det nye Jerusalem.

-> Det mellomste matza blir broten i to og den eine halvparten blir lagt bort til eit "ettermåltid" (afikoman). Viss det er barn med på festen, kan dei gøyme afikomanen. Det vankar då premie til den som klarer å finne den etter middagen. Afikomanen er brødet som seinare blir nytta under nattverden.

8. ANDRE BEGER – FRELSA SITT BEGER – BLIR FYLT

9. MA NISHTANA? – KORLEIS ER DENNE KVELDEN ANNLEIS?

Leiar: Under det jødiske påskemåltidet plar den yngste å syngje "Ma nishtana?". Songen gjev fire svar på korleis påskekvelden er annleis enn alle andre. Fleire born kan også syngje den saman, eller songen kan syngast av alle.

Song:
Ma nishtana halaila haze mikol haleilot, mikol haleilot?

1. Shebechol haleilot anu ochlin chametz umatza, chametz umatza.
/:Halaila haze, halaila haze kulo matza. :/x2

2. Shebechol haleilot anu ochlin she'ar yerakot, she'ar yerakot.
/:Halaila haze, halaila haze kulo maror. :/x2

3. Shebechol haleilot en anu matbilin afilu paam achat, afilu paam achat.
/:Halaila haze, halaila haze shetei pe'amim. :/x2

4. Shebechol haleilot anu ochlin bein yoshvin uvein mesubin, bein yoshvin uvein mesubin.
/:Halaila haze, halaila haze kulanu mesubin. :/x2

C: Kva skil denne kvelden frå alle andre kveldar?
- Alle andre kveldar et vi syra eller usyra brød, men denne kvelden berre usyra brød.
- Alle andre kveldar et vi alle slags urter, men denne kvelden berre bitre urter.
- Alle andre kveldar duppar vi ikkje så mykje som éin gong, men denne kvelden duppar vi to gonger. (Persille blir duppa i saltvatn og bitre urter i mursteinsdeig).
- Alle andre kveldar sit vi oppreist eller lener oss til sida når vi et, men denne kvelden lener vi oss alle til sida. (Jfr skikken frå oldtida med å liggje til bords som eit teikn på fridom).

Leiar: Vi var trælar for farao i Egypt, men Herren vår Gud førte oss med mektig hand ut av fangenskapet. Når vi i kveld et usyra brød og bitre urter, når vi duppar i fatet og lener oss til sida, skal det hjelpe oss å minnast utfriinga frå Egypt og Jesu trengsleveg ein annan påske. Lat oss høyre forteljinga om utfriinga frå Egypt.

10. HAGGADAH – FORTELJINGA OM UTFRIINGA

A. 2 Mos 12,3, 5, 8, 14-15.
B: 2 Mos 12,21-28, 37, 42.

Leiar: Vi markerer dei ti plagene i Egypt ved å duppe fingeren i frelsa sitt beger og så på ein serviett eller liknande. Med dette viser vi omtanke med dei som blei ramma av plagene.
Alle: Blod
Froskar
Lus
Klegg
Pest
Verkebyllar
Hagl
Grashopper
Mørker
Den førstefødde sin død

C. 2 Mos 14,5, 9-14.

Song:
Herren skal stride for dere. Herren skal stride for dere.
Og dere skal være stille for ham, stille for ham, stille for ham. (2 Mos 14,14)

A. 2 Mos 14,19-25. B. 2 Mos 14,26-31.

JESU LIDELSE

Leiar: I kvart slektsledd skal kvar og ein tenkje at eg sjølv blei fridd frå trældom og slaveri. For Ordet seier: Den dagen skal du seia til son din: ”Dette er til minne om det Herren gjorde for meg då eg fór frå Egypt“ (2 Mos 13,8). Han som berga Israel frå slaveri i Egypt, frelste oss ein annan påske frå trældomen under synda, så også vi kunne seia til borna våre: ”Dette er til minne om det Herren gjorde for meg då han frelste meg på Golgata og bana veg for meg slik at eg kan arve evig liv.“ Lat oss nå høyre forteljinga om korleis Jesus blei slakta som påskelam. Lat oss høyre at han stod opp frå død til liv og at Gud gjennom Messias vil føre oss til sitt gode land.

A. Joh 19,17-22.

Song:
Were you there when they crucified my Lord?
Were you there when they crucified my Lord?
O-o-o-oh… Sometimes it causes me to tremble, tremble, tremble,
Were you there when they crucified my Lord?

Were you there when they nailed him to the tree?
Were you there when they nailed him to the tree?
O-o-o-oh… Sometimes it causes me to tremble, tremble, tremble,
Were you there when they nailed him to the tree?

Were you there when they laid him in the tomb?
Were you there when they laid him in the tomb?
O-o-o-oh… Sometimes it causes me to tremble, tremble, tremble,
Were you there when they laid him in the tomb?

B: Joh 19,28-37. A: Mark 16,1-8.

Leiar: Igjen og igjen vil vi takke Den allmektige: Han førte oss ut av Egypt. Han skilde sjøen for oss. Han sørgde for oss i førti år i øydemarka, han gav oss manna og førte oss inn i det lova landet.

Ja, meir enn det! Han sende sonen sin, den einborne, Jesus Messias, for å sone syndene våre ved døden på korset og gje oss del i eit evig kongerike ved oppstoda frå dei døde.

Song:
Du er den høyeste over hele jorden

11. PESACH – MATZA – MAROR - (påskelam – usyra brød – bitre urter)

Leiar: På påskebordet har vi ein lammeknoke, usyra brød og bitre urter, for å minnast Herrens ord til Israel: ”De skal steikje påskelammet på elden og eta det med usyrt brød og bitre urter attåt” (2 Mos 12,8). Desse tre symbolrettane blir det rådd til å vie ekstra mykje merksemd.

Lammeknoken minner oss om påskelammet som fedrane våre slakta i Egypt. Blodet frå lammet blei smurt på dørstolpane. På grunn av blodet gjekk den Eine og Heilage forbi israelittane sine hus (namnet Pesach/passover = å gå forbi). Sidan førte han folket ut av slaveriet. Lammeknoken minner oss òg om at Jesus er det evige påskelammet som er sendt av Gud. Det var om han Døyparen Johannes sa: ”Sjå, Guds lam, som ber bort synda i verda” (Joh 1,29).

Matza, det usyrte brødet, er trengslene sitt brød som minner oss om fedrane sine trengsler i Egypt. Då dei blei fria frå slaveriet, hadde dei usyrt brød med seg (2 Mos 12,39).
Vi har brote det mellomste usyrte brødet og har gøymt det i eit klede. Jesus sa ”Eg er livsens brød.“ Jesu fysiske liv blei brote og lekamen hans blei lagt i eit linklede i grava – for vår skuld.

Maror, dei bitre urter, minner oss om korleis egyptarane forbitra israelittane sine liv med slaveri og hardt arbeid (2 Mos 1,13-14). Dei minner oss òg om den bitre kvalen Jesus leid ved døden på krossen – for vår skuld.

Difor skuldar vi i dag å prise, lovsyngje og tilbe Han som gjorde alle desse undera, for fedrane våre og for oss. Ved Jesus Messias og Den Heilage Ande som Han har sendt, har Herren ført oss -

Leiar:	Frå slaveri	Alle:	til fridom,
	frå fortviling		til glede,
	frå sorg		til fest,
	frå mørker		til stort lys,
	frå trældom		til full forløysing.

Leiar: Lat oss difor, slik Jesus gjorde det den siste kvelden han var saman med disiplane, stemme i Lovsongen. (Mark 14,26 – Salme 113-118)
Alle: Halleluja!

12. HALLEL - LOVSONGEN

-> Her syng vi éin eller fleire lovsongar etter eige ønske.
Vi kan også for eksempel lese utdrag frå Salme 113-118 og Salme 136 i veksel.

13. ANDRE BEGER – FRELSA SITT BEGER – BLIR DRUKKE

Alle: Velsigna vere du, Herre vår Gud, konge over universet,
du som skaper vintreet si frukt.
Leiar: Dette er frelsa sitt beger. Difor seier vi:
Alle: For vår frelse!

14. MÅLTIDET

Matza – Usyret brød
Det øvste matza blir brote og gjeve til alle. Vi løftar kvar vårt stykke og seier:
Velsigna vere du, Herre vår Gud, konge over universet, du som gjev oss brød frå jorda di!
Velsigna vere du, Herre vår Gud, konge over universet, du som har helga oss ved Jesu død og oppstode og som let oss feire denne festen for usyrte brødet!
Alle et sitt stykke matza.

Matza og Maror – Usyrt brød og bitre urter #1
Alle tar bitre urter #1 mellom to stykke matza (av det nedste matza) og seier:
Velsigna vere du, Herre vår Gud, konge over universet, du som let folket ditt ete bitre urter som eit teikn på dei trengslene Kristi kyrkje framleis skal bere og som vi ber saman med våre lidande søsken!
Alle et usyrt brød og bitre urter #1.
Chazeret – Bitre urter #2
Alle tek bitre urter #2 og seier:
Velsigna vere du, Herre vår Gud, konge over universet, du som berga Israel ut av bitre slavekår og som let Jesus gå lidinga si bitre veg for oss alle!
Alle et bitre urter #2

Charoset – Mursteinsdeig
Leiar: Lat oss minnast teglarbeidet israelittane gjorde i Egypt.
C: 2 Mos 1,11-14.
Alle et mursteinsdeig saman med matza (av det nedste eller øvste matza).

Egg (symboliserer høgtidsofringa i tempelet)
Alle et kvart sitt stykke egg.

15. HOVUDRETT OG DESSERT

-> Afikomanen blir teken fram etter måltidet. Viss barna har gøymt den, får dei ein liten premie for å levere den tilbake.

Leiar: Tidlig under påskemåltidet braut vi det mellomste av dei usyra brøda, og det blei gøymt i eit klede. Jesus sa: "Eg er livsens brød" (Joh 6,35+48). Jesu fysiske liv ble brote og kroppen hans blei lagt i eit linklede i grava – for vår skuld.

16. TREDJE BEGER – VELSIGNINGA SITT BEGER – BLIR FYLT

Leiar: -> Afikomanen blir teken fram etter måltidet. Viss barna har gøymt den, får dei ein liten premie for å levere den tilbake.

Leiar: Tidlig under påskemåltidet braut vi det mellomste av dei usyra brøda, og det blei gøymt i eit klede. Jesus sa: "Eg er livsens brød" (Joh 6,35+48). Jesu fysiske liv ble brote og kroppen hans blei lagt i eit linklede i grava – for vår skuld.

Vi har fylt velsigninga sitt beger. Det å velsigne handlar om å ønskje det gode. Gud er kjelda til all velsigning, - all godleik kjem frå han. Det tredje begeret handlar om at Gud vil oss vel. Kvelden før han døydde, den natta han blei sviken, heldt Jesus påskemåltid saman med disiplane. Når vi les om nattverden i brevet til korintarane (1. kor 10,16), les vi om velsigningsbegeret. Jesus tok altså brødet og velsigningsbegeret etter måltidet, og innstifta nattverden.

Lat oss høyra forteljinga om Jesu siste måltid med disiplane i Jerusalem:

A: Luk 22,14-20 +24-27

Leiar: Derfor skal vi denne kvelden minnast det måltidet som Jesus heldt med disiplane sine, og vi feirar den nye pakta som Jesus har oppretta med sin lekam og sitt blod, ved sin død og sigerrike oppstode. Ja, vi feirar den fridomen som Jesus Kristus har gjeve oss som Guds born, og den tenesta han har gjeve oss for sitt rike i denne verda. Vi bed Herrens bønn:

Alle: Fader vår, du som er i himmelen.
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda så som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød.
Forlat oss vår skuld, som vi òg forlèt våre skuldmenn.
Før oss ikkje ut i freisting, men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt, og makta og æra i all æve. Amen.

-> Afikomanen blir broten og delt mellom deltakarane. Vi et den etter følgjande bøn:

Alle: Velsigna vere du, Herre vår Gud, konge over universet, du som gjev brød av jorda og som mettar oss med brødet frå himmelen, ved Son din, Jesus Kristus, vår Herre.

17. TREDJE BEGER – VELSIGNINGA SITT BEGER – BLIR DRUKKE
Leiar: Lat oss drikke det tredje begeret, velsigninga sitt beger.
Alle: Velsigna vere du, Herre vår Gud, konge over universet, du som skaper frukta på vintreet og som gjer oss til eitt med Jesus Kristus som greinene på vintreet, han som er det sanne vintre, vår frelsar!
Leiar: Dette er velsigninga sitt beger. Derfor seier vi:
Alle: For velsigninga!

Takkebøn (Henta frå Didache 10):
Leiar: Vi takkar deg, heilage Far, for ditt heilage namn som du har late bu i hjarto våre, og for kunnskapen, trua og udøyelegdomen som du har late oss kjenne gjennom Jesus, tenaren din.
Alle: Deg vere ære i all æve!
Leiar: Allhærs Gud, du har skapt alt for ditt namns skuld, og du har gjeve menneska mat og drikke til å glede seg ved, for at dei skulle takke deg. Men oss har du i nåde gjeve åndeleg mat og drikke og evig liv ved tenaren din. Vi takkar deg for di makt og din velde.
Alle: Deg vere ære i all æve!

AVSLUTNING

19. FJERDE BEGER – HÅPET SITT BEGER – BLIR FYLT

Leiar: Da Jesus innstifta nattverden, sa han til disiplane, "Heretter skal eg ikkje drikka denne frukta av vintreet før den dagen eg drikk henne ny saman med dykk i riket til Far min." (Matt 26,29)

SONG / ORDET FRITT

Leiar: Vi nærmar oss slutten av påskemåltidet. Vi har i fellesskap opplevd at vi som etterfølgjarar av Kristus er tett kopla saman med dei som har levd med Gud før oss. Då Gud leidde Israel ut av Egypt, frelste han oss. Det som skjedde på krossen, skjedde for oss. Vi lever ikkje åleine. Vi er gjevne til kvarandre. Og vi lever ikkje utan fortid. Vi har djupe røter bakover i historia. Guds historie med oss. Dette er eit høve til å dele med kvarandre – eit godt høve til å oppmuntre kvarandre og til å minne kvarandre om håpet vi eig!

-> Det blir sunge tilbedingssongar, og ordet er fritt.

20. SLUTNINGSBØN - (Henta frå Didache 10 og Op 22,20-21)

Leiar: Jesus Messias, han som er den første og den siste, alfa og omega, seier til oss, "Ja, eg kjem snart."

Alle: Herre Gud, husk kyrkja di på jorda, så du frir henne frå alt vondt og gjer henne fullkomen i din kjærleik! Samla kyrkja som du har helga frå dei fire hjørna i verda og inn i riket ditt som du har gjort i stand for henne! Må nåden kome og denne verda forgå.
Leiar: Hosianna, Davids Gud! Den som er heilag, han kome! Den som ikkje er det, han vende om! Marana ta! Kom, Herre Jesus!
Alle: Ja, kom, Herre Jesus! Amen.
Leiar: Må vår Herre Jesu Kristi nåde vere med dykk alle!

Leiar: La oss drikke det fjerde begeret, håpet sitt beger, mens vi tenkjer på det håpet vi har om oppstode og evig liv gjennom vår Herre Jesus Messias.

21. FJERDE BEGER – HÅPET SITT BEGER – BLIR DRUKKE

Alle: Velsignet vere du, Herre vår Gud, konge over universet, du som skaper vintreet si frukt.
Leiar: Dette er håpet sitt beger. Derfor seier vi:
Alle: For håpet vårt!

Leiar: I år feirar vi påske her – neste år i det nye Jerusalem!

22. VELSIGNINGA

Song: (Alle reiser seg)

Den Norske Israelsmisjon

Brød & Vin

Denne liturgien for påskemåltidet er utgjeven av Den Norske Israelsmisjon. Brød & Vin blei utvikla som ein samproduksjon mellom return2sender og Storsalen Menighet påska 2009. Opplegget byggjer delvis på tidlegare utgjevne liturgiar utvikla av Ole Christian Kvarme (Åtte dager i Jerusalem), Torleif Elgvin (Frikirkens Studiesenter) og Den Norske Israelsmisjon.